

Dei nynorske mediedagane

9.-12. oktober 2008



medie

Program

Dei nynorske mediedagane

Mediemållaget skipar til Dei nynorske mediedagane for første gong i dagane 9. til 12. oktober. Føremålet er å skapa ein møteplass for å fremja og utvikla den nynorske mediekulturen. Det trengst nye idear og initiativ i ei tid med store økonomiske og teknologiske endringar i vilkåra for medieproduksjon. Mange verksemder og organisasjonar frå medieverda og nynorskmiljøet er samarbeidspartnarar og bidragsytarar for Dei nynorske mediedagane. Mediemållaget er svært glad for det gode samarbeidet med desse.

Valet av dagar for tilskipinga er ikkje tilfeldig. 10. oktober er det 150 år sidan A.O. Vinje gav ut den første utgåva av bladet Dølen. Difor feirar vi dette jubileet med ein Vinje-kveld under Dei nynorske mediedagane.

Dei nynorske mediedagane er opne for alle interesserte. Mediemållaget ønskjer deg hjarteleg velkommen!

Torsdag 9. oktober

11.00 Royal Christiania
Utdeling av Nynorsk redaktørpris 2008 under Norsk Redaktørforenings haustmøte på Royal Christiania.

20.00 Stopp Pressen Nyhetskafé, Akersgata 55
Nynorsk bar.

Fredag 10. oktober

14.00–16.00 Royal Christiania – Oslosalene
Nynorsk som mediespråk – Språkmeldinga og vegen vidare
Ope fagmøte (i etterkant av Norsk Redaktørforenings haustmøte).

Leiar for ordsiftet: Redaktør Arne Sigurd Haugen, Nynorsk Pressekontor.


19.00 Litteraturhuset – Wergeland
Vinje-kveld med 150-årsjubileum for A.O. Vinje blad Dølen

«Nynorskpressa som kultur- og identitetsskapande faktor 1858–2008». Føredrag ved Ottar Grepstad, direktør for Nynorsk kultursentrum.

«I Vinjes fotefar»
Samtalevert Arnhild Skre, leiar for Norsk Pressehistorisk Forening, journalist i Aftenposten og mediehistorikar, i samtale med forfattarane Agnes Ravatn, Nils Rune Langeland og Herman Willis.

«Storegut»
Eit sceneprogram med Odd og Aasmund Nordstoga og Per Anders Buen Garnås, basert på diktsyklusen av Aasmund Olavsson Vinje.

Arr.: Mediemållaget i samarbeid med Vinje kommune og Norsk Pressehistorisk Forening.



Laurdag 11. oktober

Litteraturhuset – Amalie Skram

Barnefjernsyn

Fjernsynsprogram for barn er blant dei viktigaste programsegmenta i kringkastinga. I mange år har målfolk uroa seg for at det er for lite nynorsk og dialekt i barneprogramma. Dette er eit viktig spørsmål der svara finst både i organiseringa av programproduksjonen og i viljen til å bruka barneprogramma til å spegla det språklege mangfaldet. Kringkastingsringen set søkjelys både på kva kringkasting for barn er i dag, kvifor det er slik, kva det bør vera og kva moglegheiter som finst.

12.00 Opning

12.15 Frå Barnetimen til Fantorangen

Korleis har kringkasting for barn utvikla seg dei siste femti åra, og kva tenkjer NRK om kva som er godt barnefjernsyn i dag?

13.00 Verda på fjernsynsskjermen

Korleis vert barn og unge påverka av det dei ser på fjernsynsskjermen – kva rolle spelar fjernsynet i barnekulturen i dag?


14.00 Lunsj

14.30 Produksjon av barne- og ungdomsfjernsyn, no og i framtida.

Panelordskifte med representantar både frå NRK og uavhengige produksjonsmiljø om korleis barnefjernsyn skal vera og korleis det kan spegla mangfaldet i heile Noreg. Opnar ny og billig produksjonsteknikk for ein annan type barnefjernsyn enn det vi er vane med? Kva rolle kjem internett til å spela for barnefjernsyn?

Arr.: Kringkastingsringen

Møt Nynorsk mediesenter i Litteraturhuset.



Sundag 12. oktober

Litteraturhuset – Nedjma

10.00 – 15.00

Kan nettavisene vera vegen til å få bort språksensuren i riksmmedia?

Debatt mellom nettredaktørar med ulike innfallsvinklar til språkbruk på nett.

Lunsj

Kvifor kan ikkje alle journalistar skriva nynorsk?

Samtale mellom journalistar med røynsler frå og ulike synspunkt på det å skriva nynorsk i media.

I panelet: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Anne Viken med fleire.

Samtaleleiar: Håvard Øvregård.

Arr.: Noregs Mållag

Samarbeidspartnarar og bidragsytarar

- Vinje kommune
- Norsk Pressehistorisk Forening
- Nynorsk Pressekontor
- Kringkastingsringen
- Riksfondet for nynorsk presse
- Nynorsk mediesenter
- Norsk Redaktørforening
- Fritt Ord
- Norsk kulturråd
- Sandefjord og Sandar Mållags
legat til norsk målreising
- Noregs Mållag

Mediemållaget vart skipa i 1977.
Vi er eitt av yrkesmållaga i Noregs Mållag
og organiserer folk i media, forlag,
kommunikasjons- og reklameverksemd.
Velkomen med på laget!



Du finn oss på
www.nm.no/lag/mediemallaget

Kontakt oss:
mediemaallaget@nynorsk.no
Berit Rekve, leiar
Dyretråkket 29
1251 Oslo

